



# EID KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Samfunnsutviklingsutvalet	27.08.2015	041/15	KDA

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksbehandler:</b> Kristine Dahl	<b>Arkiv:</b> S11 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 15/939
---	-------------------------------------	-----------------------------

### Uttale til konsesjonssøknader - Stårheim kraftverk og Klovelva kraftverk - Eid kommune

#### Prenta vedlegg:

1. Brev datert 7.5.2015 frå NVE - høyring
2. Stårheim kraftverk – søknad om konsesjon
3. Rapport frå Bioreg AS – verknader på biologisk mangfald, Stårheimselva
4. Kart over Stårheimsdalen
5. Småkraft AS – søknad om konsesjon for Klovelva kraftverk med vedlegg

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vassressurslova  
Naturmangfaldlova

#### Kva saka gjeld:

Høyringsuttale til NVE til søknader om konsesjon for bygging av småkraftverk i Stårheimselva og Klovelva.

#### Bakgrunn for saka:

NVE har motteke søknader om løyve til å byggje fire småkraftverk i Eid og Bremanger kommunar. Søknadane skal behandlast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. Eid kommune er høyringspart i saka. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla.

Frist for uttale er satt til 28. august 2015.

### **Saksutgreiing:**

I **Bremanger kommune** er det søkt om konsesjon for følgjande Sigestad kraftverk og Elde kraftverk.

#### **Sigdestad kraftverk**

Kraftverket vil nytte eit fall på 142 m i Storelva, som renner ut i Ålfoten ved Sigdestadvika. Inntaket vil plasserast på kote 152. Kraftstasjonen er planlagt på kote 10, 100m ovanfor vegbru på fylkesveg 577. Røyr gata er planlagt på sørsida av elva og vil gravast ned på heile strekninga. Ho blir 980 m lang. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 9,0 MW og ei maksimal slukeevne på 7,5 m<sup>3</sup> s, som vil gje ein årleg produksjon på om lag 27 GWh. Middelvassføringa i Storelva er 6,96 m<sup>3</sup>/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 320 l/s i perioden 1.5-30.9 og 142 i resten av året. Det svarer til 5-persentilvassføringane.

#### **Elde kraftverk**

Kraftverket er planlagt mellom kote 125 og 11 i Eldeelva, som ligg på sørsida av ytre Nordfjord. Vatnet vil førast fram til kraftstasjonen gjennom 1250 m nedgrave røyr på sørsida av elva. Elde kraftverk vil få ein installert effekt på 1,2 MW og ei maksimal slukeevne på 1,15 m<sup>3</sup>/s. Middelvassføringa er på 756 l/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 42 l/s heile året, noko som svarer til alminneleg lågvassføring. Årleg produksjon vil bli om lag 4,1 GWh.

I **Eid kommune** er det søkt om konsesjon for følgjande kraftverk:

#### **Stårheim kraftverk**

Stårheim kraftverk vil nytte eit fall på 2 14,5 meter mellom kote 246,5 og kote 32 i Sårheimselva. Inntaket er planlagt like nedom elvedelet ved Morehaugen og kraftstasjonen vil bli plassert i nærleikenav Vollen. Røret skal gravast ned, i hovudsak langs eksisterande veg. Øvre del av røret plasserast på vestsida av elva, så kryssar røret over til austsida av elva om lag ved Berget. Med ei slukeevne på 2,2 m<sup>3</sup> s og installert effekt på 3,7 MW vil kraftverket i gjennomsnitt produsere 10,7 GWh per år. Middelvassføringa i Sårheimselva er 1,1 m<sup>3</sup>/s. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 55 l/s heile året, noko som svarer til alminneleg lågvassføring.

#### **Kloveelva kraftverk**

Kloveelva kraftverk vil nytte eit fall på 295 meter mellom kote 695 og 400 i Kloveelva. Inntaket er planlagt der bekkane frå Klovevatnet og Støvelsvatnet renn saman. Øvre del av røret vert gravd ned på austsida av elva, men ved kote 508 kryssar røret over på vestsida. Kraftstasjonen vert plassert like oppom Styggefossen, oppstrøms eksisterande dam. Med ei slukeevne på 1,19 m<sup>3</sup>/s og installert effekt 2,9 MW vil kraftverket i gjennomsnitt produsere 8,35 GWh/år. Middelvassføringa i Kloveelva er 477 l/s. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s heile året, noko som svarer til alminnelig lågvassføring.

Det er vidare søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline. Dette vert vurdert i ein eigen konsesjonsøknad.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ved utbygging av større kraftverk, vil kommunane som regel krevje at det vert sett krav om uttak av konsesjonskraft og fastsetting av konsesjonsavgift. Dette gjeld også ved utbygging av

elvekraftverk, men då berre kraftverk av ein viss storleik. Som det går fram under, så kan ein ikkje be om at NVE set økonomiske vilkår i omsøkte konsesjonar.

#### *Konsesjonskraft*

Eigarar av større vasskraftverk pliktar å avstå konsesjonskraft for kraftverk som nyttar vatn regulert etter vassdragsreguleringslova eller industrikonsesjonslova. Dette er kraft som kommunen igjen kan selje på den opne kraftmarknaden, og såleis få inntekter av. Konsesjon for småkraftverka i Stårheimselva og i Kloveelva vert gjeve etter vassressurslova, som ikkje har vilkår om konsesjonskraft. Eid kommune kan i sin uttale til konsesjonssøknaden såleis ikkje stille krav om uttak av konsesjonskraft.

#### *Konsesjonsavgift*

Ved konsesjonar gjeve etter vassdragsreguleringslova eller industrikonsesjonslova, pliktar kraftverkseigarane å betale ei årleg avgift til staten og til dei «berørte» kommunane. Dei kan også påleggast å betale inn direkte til kommunen sitt næringsfond, som følgje av dei ulemper som kommunen får av utbygginga. Små kraftverk bygd etter vassressurslova kan også påleggast å betale konsesjonsavgift dersom «midlere» årsproduksjon er over 40 GWh, jf. vassressurslova § 19. Det går fram av søknadane at Stårheim kraftverk får ein gjennomsnittleg produksjon på 10,6 GWh medan Kloveelva kraftverk får ein gjennomsnittleg produksjon på 8, GWh. Kraftverka ligg med dette under kravet på 40 GWh, og Eid kommune kan ikkje krevje konsesjonsavgift eller avsetjing til fond som følgje av utbygginga.

#### *Utbyggingsavtale*

Ved større utbyggingar ser ein også at det vert inngått utbyggingsavtaler mellom kommunen og krafteigar, for å bøte på dei skader som utbygginga medfører. Slike avtaler byggjer ikkje på energilovgjevinga, men på prinsippet om avtalefridom. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunn til å krevje slike utbyggingsavtaler for desse utbyggingane. Men ei utbygging av Kloveelva føreset ein dialog mellom kommunen og utbygger.

### **Vurdering:**

#### **Stårheim kraftverk**

Ovanfor er det i korte trekk gjort greie for utbyggingsplanen for Stårheim kraftverk. Stårheimselva startar inst i Stårheimsdalen der mange sidebekkar kjem ned frå fjella rundt og dannar sjølve elva. Elva er tidlegare rørt av kraftutbygging ved at øvre del av feltet er ført over til kraftverket Åmela i Møre og Romsdal. Rekna ved utløpet til Nordfjorden, har overføringa til Åmela redusert middelvassføringa i Stårheimselva med om lag 20 %. Ved planlagd kraftstasjonsinntak på kote 246,5 er middelvassføringa redusert med om lag 18 %. Det er bygd bilveg og landbruksveg på begge sider langs elva og langs mesteparten av utbyggingsrekkja. Totalt vil kraftutbygginga røre ei strekning på om lag 2700 meter.

Det som elles er viktig å få avklart i denne typen saker er om grunneigarane er positive til utbygginga og kva verknad tiltaket får for naturmangfaldet og nærområdet. På side 6 i konsesjonssøknaden går det fram at det grunneigarane som står bak konsesjonssøknaden. Desse har mellom anna jordbruk som næring. Føremålet med tiltaket er å styrke busetjinga og næringsgrunnlaget.

Kva verknader utbygginga får for nærområdet og naturmangfaldet er nærare utgreidd i vedlagt rapport «*Verknader på biologisk mangfald*» frå Bioreg AS.

Når det gjeld vurderinga av naturverdiane, så vert desse på side 6 og 7 oppsummert slik:

«Samla er naturverdiane nær eller innan utbyggingsområdet vurdert å vera av **stor/middels verdi**, medan omfanget av ein eventuell utbygging vert rekna som **lite negativt**. Dette medfører då at verknaden av ei eventuell utbygging vert **liten negativ**. Ein føresetnad då er at dei foreslegne avbøtande tiltaka vert gjennomført. Anadrom fisk er også medteken i desse vurderingane, og er omtala i hovudrapporten».

På side 7 i rapporten finn ein eit eige avsnitt om avbøtande tiltak. Det er foreslege fem avbøtande tiltak for å unngå eller redusere negative konsekvensar som følgje av utbygginga:

1. *Minst alminneleg lågvassføring*; av omsyn til vasslevande insekt, fisk og Fossefall.
2. *Etablere kunstig høl nedstraums kraftstasjonen*; for å erstatte standplass for anadrom fisk.
3. *Etablere omlaufsventil ved stasjonen*; av omsyn til fiske i elva.
4. *Montere minst to predatorsikre hekkekasser for fugl*; for å betre hekkevilkåra for Fossefall.
5. *Forbod mot tilsåing av framandt plantemateriale langs forstyrtra miljø*.

Alle kraftverk medfører fysiske endringar i miljøet der dei vert etablerte. Verknadane av kraftutbygginga i Stårheimselva synes å vere godt utgreidde og konsekvensane av utbygginga er i stor grad kjende. Biogreg AS vurderer på side 7 graden av usikkerheit av opplysningane som går fram av rapporten. Konklusjonen er at det er «*lite usikkerheit både i registrering, verdivurdering og omfangsvurdering*», og at det difor vil vere «*lite usikkerheit knytt til konsekvensvurderinga*». Ulempene som tiltaket elles kan gje, synes å kunne avbøtast. Etter ei samla vurdering av dei fordelar og ulemper som utbygginga medfører, så finn rådmannen å kunne tilrå at Stårheim Kraft AS får konsesjon slik selskapet har søkt om. Føresetnaden for dette må vere at NVE i sin konsesjons-behandling vurderer og set nødvendige krav til avbøtande tiltak, jf. mellom anna dei nemnde tiltaka på side 7 i rapporten frå Bioreg AS.

### **Kloveelva kraftverk**

Småkraft AS står som konsesjonssøkjjar for Kloveelva kraftverk. Småkraft AS er eigd av selskapa Skagerak Kraft AS, Agder Energi AS, BKK Produksjon AS og Statkraft AS. Småkraft AS har som føremål å finansiere, bygge ut og drive små kraftverk inntil 10 MW saman med grunneigarane. I saksutgreiinga ovanfor er det i korte trekk gjort greie for utbyggingsplanen for Kloveelva.

Kloveelva er ei av tilførselselvane til Hjalma. Elva kjem frå Klovevatnet som er magasin for det kommunale vassverket i Eid. I nedre del av Kloveelva vart det i 2009 gjeve konsesjon til Kjørstad kraftverk på 2,8 MW. I naboelva har Småkraft AS fått konsesjon til Torvikelva småkraftverk, som stod ferdig i 2012.

I konsesjonen er det på sidene 17 til 31 utbygginga sine verknader for miljø, naturressursar og samfunn vurderte. Faun rapport har gjort vurderingane.

Kvart enkelt tema i tabellen under er særskilt vurdert, og vurderingane kan lesast i vedlagt søknad. På side 30 og 31 er konsekvensane for kvart tema samanstillt i ein tabell. Vurderingane er gjort av Faun Naturforvaltning, som konkluderer med at tiltaket får liten negativ verknad for miljø, naturressursar og samfunn.

Tema	Konsekvens	Vurdering
		<b>vurdering</b>
Vanntemp., is og lokalklima	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Ras, flom og erosjon	Liten til middels negativ	Faun Naturforvaltning
Ferskvannsressurser	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Grunnvann	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Brukerinteresser	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Rødlistearter	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Terrestrisk miljø	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Akvatisk miljø	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Landskap og INON	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Kulturminner og kulturmiljø	liten negativ	Faun Naturforvaltning
Reindrift	Ikke eksisterende	Faun Naturforvaltning
Jord og skogressurser	liten negativ	Faun Naturforvaltning
<b>Oppsummering</b>	<b>liten negativ</b>	Faun Naturforvaltning

Som nemnt ovanfor, så vil alle kraftverk medfører fysiske endringar i miljøet der dei vert etablerte. Og også for Klovelva vert det anbefalt avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket.

Faun Naturforvaltning at fire avbøtande tiltak vert gjennomførte:

1. *Minstevassføring*; minstevassføring skal liggje på alminneleg lågvassføring.
2. *Anleggtekniske innretninga*; det skal leggast vekt på landskapsmessig og arkitektonisk tilpassing. Støydempande tiltak skal integrerast i byggeprosessen, riggområda skal avgrensast fysisk og anleggsveiar skal best mogleg plasserast i terrenget.
3. *Vegetasjon*; opphavleg tre- og buskvegetasjon langs elva bør bevarast så mykje som mogleg. Ved ev. tilsåing må ein nytte stadeigne artar.
4. *Avfall og ureining*; avfallshandtering og tiltak mot ureining må følgje gjeldande regelverk.

Støvelsvatnet og Klovelva vert som nemnt nytta som magasin for drikkevatnet til Eid kommune, begge med dam i utløpet ca 150 meter ovanfor den planlagde inntaksdammen for Klovelva kraftverk. Det er bygd ein veg fram til dammane, og den kommunale vassleidningen er lagt ned i denne vegen. Det varierer kvar den kommunale vassleidningar ligg plassert i vegen og det er berre nytta stadlege masser for fylling av grøft og planering av vegen. Vegen og vassleidningen er såleis sårbar for inngrep og det må ved gjennomføringa av tiltaket takast omsyn til den kommunale vassleiinga. Vi ser det som naturleg at seinare planlagde tiltak vert prosjektert slik at dei ikkje kjem i konflikt med allereie etablerte tiltak i området. Særleg gjeld dette for tiltak av stor samfunnsnytte. Kommunen må elles ha fritt gjennomløp i denne leidningen pga. store driftsmessige fordelar knytt til trykkreduksjon. Etter rådmannen sitt syn så må denne opplysninga kome fram i høyringsuttalen frå kommunen, men finn utover dette ikkje grunnlag for å gå i mot ei utbygging i Klovelva som omsøkt.

## Samla belastning

Konsesjonssøknaden for småkraftverka i Eid kommune blir behandla i småkraftpakke «Eid, Bremanger». Som det går fram ovanfor, så vert det søkt om konsesjon for to småkraftvekt også i Bremanger kommune. NVE ber om at kommunane ikkje berre vurderer kvar enkelt sak isolert sett, men òg vurderer alle søknadane samla. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å hevde at den samla belastninga for Eid og Bremanger kommunar vert for stor, og finn då heller ikkje grunnlag for å gå i mot konsesjonssøknadane.

### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune tilrår at **Stårheim kraftverk** får konsesjon slik det er søkt om. Kommunen ser det som naturleg at NVE, ved si handsaming av søknaden, set nødvendige krav til avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket. Vi viser særleg til rapporten frå Bioreg AS, som føreslår følgjande fem avbøtande tiltak:

1. Minst alminneleg lågvassføring.
2. Etablere kunstig høl nedstraums kraftstasjonen.
3. Etablere omlaupsventil ved stasjonen.
4. Montere minst to predatorsikre hekkedass for fugl.
5. Forbod mot tilsåing av framandt plantemateriale langs forstyrta miljø.

Eid kommune tilrår at **Kloveelva kraftverk**, under visse føresetnader, får konsesjon slik det er søkt om. Støvelsvatnet og Kloveelva vert nytta som magasin for drikkevandet til Eid kommune. Det er bygd ein veg fram til dammane, der vassleidningen til kommunen også ligg. Det varierer kvar den kommunale vassleidningen ligg plassert i vegen og det er berre nytta stadlege masser for fylling av grøft og planering av vegen. Vegen er såleis sårbar for inngrep, og det må ved planlegging og gjennomføring av tiltaket takast omsyn til den kommunale vassleiinga. Vi ser det som naturleg at seinare planlagde tiltak vert prosjektert slik at dei ikkje kjem i konflikt med allereie etablerte tiltak i området. Særleg tiltak av så stor samfunnsnytte som ei vassleidning faktisk har. Kommunen må elles ha fritt gjennomløp i denne leidningen pga. store driftsmessige fordelar knytt til trykkreduksjon.

Vi ser det som naturleg at NVE, ved si handsaming av søknaden, elles set nødvendige krav til avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar av tiltaket. Vi viser særleg til rapporten frå Faun Naturforvaltning, som tilrår følgjande avbøtande tiltak:

1. Minstevassføring; minstevassføring skal liggje på alminneleg lågvassføring.
2. Anleggtekniske innretninga; det skal leggast vekt på landskapsmessig og arkitektonisk tilpassing. Støydempande tiltak skal integrerast i byggeprosessen, riggområda skal avgrensast fysisk og anleggsveiar skal best mogleg plasserast i terrenget.
3. Vegetasjon; opphavleg tre- og buskvegetasjon langs elva bør bevarast så mykje som mogleg. Ved ev. tilsåing må ein nytte stadeigne artar.
4. Avfall og ureining; avfallshandtering og tiltak mot ureining må følgje gjeldande regelverk.

Eid kommune har elles ikkje merknader til den totale utbygginga i Eid og Bremanger kommunar.

## **27.08.2015 SAMFUNNSUTVIKLINGSUTVALET**

### **SU-041/15 VEDTAK:**

Som tilrådinga. Samrøystes.

Åslaug Krogseter  
-rådmann-